

# Retningslinjer for køyregodtgjerdsle, ØHB

Ved køyring til bortekampar har styret vedteke nokre satsar for å kome sjåførar i møte med å dekkje utgiftene. Vi har valt å definere ulike distansar for bortekampar, og eigenandelen aukar etter kor langt ein køyrer.

## Generelt gjeld dette:

- Oppmann/lagleiar samlar inn eigenandel ved avreise frå Ørstahallen. Alle spelarane skal betale den eigenandelen som gjeld for den strekninga laget skal reise.
- Det er dei tre - fire bilane som er oppsett på køyring som får køyregodtgjerdsle. Dette må tilpassast antal spelarar. Er det t.d. forfall til ein kamp og berre 10 spelarar kan stille, treng ein ikkje fire bilar. Supporterar (foreldre og andre som vil heie) er sjølvsgt velkomne til å vere med, men desse køyrer for eiga rekning.
- Oppmann/lagleiar fordelar eigenandelen på dei bilane som er oppsette.
- Køyregodtgjerdsle gjeld kun i høve til seriekampar
- Oppmann/lagleiar set opp lister slik at køyringa vert sett opp med tanke på at det vert så lik belastning som mogleg på føresette gjennom sesongen.
- Dersom eit lag vel å leige inn minibuss for dei korte strekningane må dei gjerne gjere det, men dette vert då for eiga rekning. Minibuss vert først og fremst brukt ved lengre turar for trafikktryggleiken sin del. Er ein i tvil skal ein ta kontakt med styret. Eigenandelen vert den same som ved køyring med privatbilar, med mindre laget avtalar noko anna internt.

# Satsar for eigenandelar for spelarane sespngen 2016/2017:

## **Sunnmøre og omegn:**

- Spelaren betaler 50,- i eigenandel til sjåføren
- Spelaren betalar sjølv for ferja.

## **Romsdalen, Åndalsnes og Midsund:**

- Spelarane betalar 100,- i eigenandel til sjåføren
- Spelaren betalar sjølv for ferje nr. 1
- Klubben dekkjer ferje nr. 2 og bru- og bomavgifter. Kvitteringar skal leggjast ved reiserekninga dersom ein skal få tilbakebetalt utlegga.

## **Kristiansund og omegn:**

- Spelarane betalar 150,- i eigenandel til sjåføren
- Spelaren betalar sjølv for ferje nr. 1
- Klubben dekkjer ferje nr 2 og bru- og bomavgifter. Kvitteringar skal leggjast ved reiserekninga dersom ein skal få tilbakebetalt utlegga.

## **Trøndelag:**

- Spelarane betalar 350,- i eigenandel.
- Sjåføren får dekt 1500,- som skal dekkje drivstoff, parkering og bompengar. Er det utgifter utover dette, må ein sende inn rekning på det. Pass då på at de har tatt vare på alle kvitteringar. Klubben betalar fergene og hotellovernatting til sjåføren ilag med laget.